

Odda vegfinans AS.
Høyringsuttale til NTP 2018-29.

Innleiing.

Nasjonal transportplan 2018-29 må i større grad reflektere analyseresultat og konklusjonar frå aust-vestutgreiinga – også for prosjektet Seljestad-Vågsli, som må prioriterast for raskare oppstart og realisering.

I forhold til berekning av samfunnsnytte, er det eit problem at mens full utbygging av E134 (øst-vestutredningen) gir betydeleg netto nytte og er eit av dei mest lønsame samferdselsprosjekta i landet, gir utbygging av kortare delstrekningar til dels svært dårleg lønsemd. Jfr berekna lønsemd for ny veg over Haukelifjell slik det framgår av plangrunnlaget.

E134 Seljestad-Røldal.

Planlegging av dette prosjektet har nå pågått i 10 år, av dette reguleringsarbeid i 5 år. Når prognosen frå SVV er ferdig reguleringsplan rundt årsskiftet 2016/17, er det skuffande og uakseptabelt med byggestart først i 2022/23 – 5 år etter at reguleringsplanen er ferdig. Framdriftsplanen er dårlegare enn i inneverande NTP.

Vi krev at byggestart blir tidleg i første fireårs-periode og så snart det er praktisk mulig i forhold til byggeplanlegging og anbudsprosess.

E134 Røldal-Vågsli.

Det er problematisk med ei framtidig løysing som ikkje gir full vintersikkerhet når ein vurderer dette mot trafikkprognosene i aust-vestutgreiinga. Også utan arm til Bergen er prognosen ei auke på 250% fram mot 2050, dvs. 7000 ÅDT. Året 2050 er 20 år etter opning av denne strekninga, slik forslaget nå ligg i plangrunnlaget.

Vi oppfordrar på det sterkaste Samferdselsdepartementet til å gjere ei ny vurdering av saka og tilby full vintersikkerhet over fjellet.

Byggestart.

Vi vil peike på to forhold knytt til mulig framskunding av byggestart for Seljestad-Vågsli:

a. OPS som gjennomføringsstrategi.

Vi viser til regjeringa sin uttalte strategi frå april 2015 (Pressemelding 43/15) om reformar i vegsektoren, mellom anna meir bruk av OPS som gjennomføringsstrategi. Utdrag av pressemeldinga:

«Samferdselsdepartementet legger opp til at det fram mot neste Nasjonale transportplan gjøres nærmere vurderingar og prioriteringar av mulige nye veiprosjekter for gjennomføring med OPS. Det er aktuelt å vurdere prosjekter på E39, både veistrekningar og fjordkryssingar. I tillegg vil Samferdselsdepartementet vurdere nærmere prosjektene E16 Oppheim – Skulestadmo i Hordaland, E134 Haukelitunnelene i Telemark og Hordaland.»

Med bakgrunn i denne strategien ber vi om at slik vurdering blir gjort. Etter vårt syn er prosjektet godt eigna for OPS – jfr generell vurdering av eigna prosjekt.

b. Tidleg bompengeneinnkreving.

Vi syner her til Stortinget (Transportkomitéen) sine merknader til inneverande NTP om tidleg innkreving av bompengar:

«Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Kristelig Folkeparti, viser til at det er prioritert statlige midler til å starte bygging av nye tunneler på E134 over Haukelifjell i andre del av planperioden. Flertallet mener at denne utbyggingen er avgjørende for få en god og trygg E134 mellom Øst- og Vestlandet med god framkommelighet hele året. Flertallet viser til mulighetene for å kunne framskynde byggestart med grunnlag i lokalpolitiske vedtak og forhånds- eller parallellinnkreving av bompenger. Flertallet har merket seg at en slik vilje er tilstede, noe som kan framskynde oppstart med flere år.»

I tråd med desse merknadene meiner vi at ein bompengeproposisjon kan utarbeidast og leggst fram straks reguleringsplanen er ferdig og godkjend. Vi krev at dette skjer utan meir tap av tid og så snart NTP 2018-29 er handsama av Stortinget.

For Odda vegfinans AS

Toralv Mikkelsen (sign)
Styreleiar

Børge Skårdal
Dagleg leiar